



INSTRUKS FOR BRØYTING.

1. Det skal brøytast så ofte som det vert vurderer naudsynt for trafikken, og slik at det fast tilkøyrtet snølaget ikkje vert tjukkare **enn 5 cm**.
I alle høve må det brøytast ved **maks. 10 cm snøfall**.
2. Alle vegar og p-plassar skal haldast farbare i den tida dei er opne for allmenn ferdsel. Ved snøfall om natta skal vegane normalt vera ferdig brøytta før vanleg arbeidstid om morgonen. Dersom det grunna uvær eller andre årsaker ikkje er mogleg å gjennomføre brøytinga, må Teknisk eining underrettast om dette snarleg.
3. Den rutegåande trafikken må visast særleg omtanke.
4. Køyrebanen skal ryddast i full bredde. Dette gjeld også møteplassar. Rydding av vegbanen skal gå framføre rydding av busslommer og møteplassar. Gangvegar og fortau skal prioriterast likt med køyreveg.
5. Ved brøyting av bruer og vegar med rekkverk må snøen ikkje pressast så hard mot rekkverka at desse vert skada. Ein må også sjå til at vegvisarar, varselkilt m.v. ikkje vert skada. Brøytaren pliktar sjølv å gjera seg kjent med brøyteruta før sesongen startar slik at han er kjent med eventuelle hindringar som kumlokk, planovergangar, m.v.
6. I medhald av vegtrafikklovens §11 kan brøytebil fråvike skiltreglar, fartsreglar og forbod mot trafikk fastsett av vegtrafikklovens §4, 5, 6 og 7. Føraren pliktar i alle høve å vise særleg varsemnd og syte for at kjøretøyet gjev varsel med blinkande gult lys. I følgje kjøretøyforskriftenes §17 nr. 3 skal blinkande gult lys også nyttast når kjøretøyet vert nytta på ein slik måte at det kan vera til fare for annan trafikk, sjølv om trafikkreglane ikkje fråvikast.
7. Kjøring på venstre side av vegen må ikkje skje utan at det enten er sørgja for effektiv sperring av vegar for ålmenn ferdsel, eller trygg varsling er gjort. Teknisk eining vil avgjera kva for sikringstiltak som er naudsynt i kvart høve.
8. Dersom føraren ikkje fylgjer dei reglar som er gjevne under pkt. 6, utan å følgje vegtrafikklovens § 11, blir han strafferettsleg i same situasjon som ein kvar annan som handlar i strid med reglane.
9. Ved vegsperring grunna fonner, ras eller andre årsaker, skal brøytaren straks melde frå til Teknisk eining.
10. Føraren skal under brøyting vise særleg varsemnd til annan trafikk. Han må senke farten, om naudsynt stanse, slik at møtande trafikk ikkje mistar sikten grunna snøføyke, eller på smale vegar vert pressa for langt ut på vegkanten.